

## Rettleiing til høyringsinnspel

Tabellen under gir rettleiing til høyringsinstansane om kva for innspel som er særleg interessante, korleis vi vil ha innspela og kor du kan finne denne informasjonen i høyringsdokumenta. Desto meir konkret innspela er, desto lettare kan innspela bli vurderte og bli ein del av det endelege dokumentet. Vi poengterer at tabellen under er rettleiande, og at innspel ikkje må vere knytt til eit spesifikt tema eller spørsmål i tabellen. Høyringsinnspel skal sendast skriftleg til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Vestland fylkeskommune, postboks 7900, 5020 Bergen. Vi føretrekkjer innspel per e-post. Høyringsinnspel må merkast med «Høyringsinnspel til Vestland vassregion og saksnummer 2020/35240». Frist for innsending av høyringsinnspel er 30. juni 2021.

<b>Kunnskapsgrunnlaget</b>	<p><b>Er kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstand og påverknadar rett omtalt i plandokumenta og i databasen Vann-nett? Kjenner du eller din organisasjon/sectorstyresmakt til påverknadar som ikkje er vurdert eller er kjent?</b></p> <p>Det er ønskjeleg at innspelet er konkret til kva type påverknad det gjeld og korleis dette kan vere negativt for vassmiljøet i innsjø, elv, grunnvatn eller kystområde.</p> <p>Tips: Miljøtilstand og påverknadar er omtalt i vedlegg 1 i vassforvaltningsplanen. Alle dei ulike påverknadstypene er også nærare omtalt i tiltaksprogrammet. Miljøtilstand, påverknadar, miljømål og tiltak for kvar enkelt vassførekomst finn du i databasen <a href="http://vann-nett.no">vann-nett.no</a>. Meir informasjon om korleis bruke og hente ut informasjon frå databasen Vann-nett er omtalt i kapittel 1.6 i vassforvaltningsplanen og på <a href="http://vannportalen.no">vannportalen.no</a>.</p>
<b>Miljømål</b>	<p><b>Er du eller din organisasjon/sectorstyresmakt enig i miljømåla som er føreslått?</b></p> <p>Innspelet kan vere generelt, men det er ønskjeleg at Innspelet er konkret i forhold til kva for vassførekomst eller vassførekomstar dette gjeld. Innspelet bør også vere konkret i forhold til kva for miljømål som ein ønskjer å endre.</p> <p>Tips: Miljømål for dei ulike vassførekomstane er omtalt i kapittel 2.2 i vassforvaltningsplanen. Måloppnåinga av miljømåla er nærare omtalt i tiltaksprogrammet under dei ulike temakapitla med tittel «Vurdering av måloppnåing». Informasjon om miljømål for den enkelte vassførekomst går fram av <a href="http://vann-nett.no">vann-nett.no</a>.</p>
<b>Tiltak</b>	<p><b>Er det nødvendig med fleire tiltak som betrar eller opprettheld miljøtilstanden til vatnet vårt? Er det nødvendig med fleire tiltak for at føreslegne miljømål skal bli nådd? Er det tiltak som ikkje treng å vere med?</b></p> <p>Innspelet kan vere generelt, men det er ønskjeleg at innspelet er konkret i forhold til kva for tiltak dette omfattar. Innspelet kan også knytast til kva for innsjø, elv, grunnvatn eller kystområde dette gjeld.</p> <p>For ei oversikt over alle tiltaksalternativ og kva for sectorstyresmakt som er ansvarleg for dei enkelte tiltaka blir det vist til rettleiaren <a href="#">Virkemidler og miljøtiltak i vannforvaltningen</a>. Denne rettleiaren kan vere eit godt utgangspunkt for å skaffe seg oversikt over kva for tiltaksalternativ som eksisterer. Rettleiaren kan også bli brukt som grunnlag for å kome med konkrete innspel til tiltak.</p>

<b>Tiltak (framhald)</b>	<p>Tips: Alle tiltak som er foreslått i planperiode 2022-2027 er omtalt i tiltaksprogrammet og kapittel 2.3 i vassforvaltningsplanen.</p> <p>Nærare informasjon om tiltak på vassførekomstar finn de på <a href="http://www.vannnett.no">www.vannnett.no</a>. Her kan du m.a. søke opp ein vassførekomst og få fram kva for tiltak som er foreslått.</p>
<b>Overvaking</b>	<p><b>Blir det gjennomført overvaking av vassmiljøet som ikkje er omtalt i overvakingsprogrammet? Er det nødvendig med meir overvaking av vassmiljøet?</b></p> <p>Tips: Overvakingsprogrammet er omtalt i kapittel 1.3 og i vedlegg 4 i vassforvaltningsplanen.</p>
<b>Prioriteringar</b>	<p><b>Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i prioriteringane som er gjort? Er det andre tiltak, tema eller fokusområde som bør bli løfta fram?</b></p> <p>Tips: Prioritering er omtalt i kapittel 2.1.2 i vassforvaltningsplanen.</p>
<b>Behov for verkemiddel</b>	<p><b>Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i korleis manglande verkemiddel er omtalt? Er det nødvendig med nye eller betre verkemiddel innan fleire område?</b></p> <p>Innspelet bør vere konkret i forhold til kva for verkemiddel (juridisk, økonomisk eller administrativt) og type påverknad dette gjeld. Innspelet bør også omtale kvifor dette er eit behov og kva for positive effektar dette kan føre til for vassmiljøet.</p> <p>Tips: Behov for verkemiddel er omtalt i vedlegg 2 i kapittel 2.6 i vassforvaltningsplanen.</p>
<b>Konsekvensutgreiing</b>	<p><b>Er det manglar i konsekvensutgreiinga? Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt inkludert i vurderinga? Har vassforvaltningsplanen andre konsekvensar som ikkje er vurdert? Tiltak skal konsekvensutgreiast dersom dei kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. § 8 i KU-forskrifta. Enkeltvedtak om gjennomføring av tiltak blir gjort av sektorstyresmakt etter vedtak av planen.</b></p> <p>Tips: Konsekvensutgreiinga er omtalt i vedlegg 3 i vassforvaltningsplanen.</p>
<b>Retningsliner for arealplanlegging</b>	<p><b>Det er utarbeidd generelle retningsliner for arealplanlegging etter plan- og bygningslova og vassforskrifta. Er desse retningslinene tilstrekkelege for å sikre at vassmiljø blir teke vare på i arealplanlegginga?</b></p> <p>Tips: Retningsliner for arealplanlegging er omtalt i kapittel 1.1.3 i vassforvaltningsplanen.</p>
<b>Plastureining</b>	<p><b>Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i kunnskapsgrunnlaget knytt til plastforureining i Vestland fylke? Er det andre tiltak og prosjekt som ikkje blir fanga opp?</b></p> <p>Tips: Plast er omtalt i kapittel 1.3.7 og 2.1.2, og i vedlegg 2.3.5 og 2.6 i vassforvaltningsplanen. I tillegg er plast omtalt under kapittel 4, 6, 7 og 9 i tiltaksprogrammet.</p>
<b>Handlingsprogram</b>	<p><b>Er du eller din organisasjon/ sektorstyresmakt einig i dei ulike aktivitetane som er omtalt i handlingsprogrammet? Er ansvaret fordelt til korrekt myndigheit? Bør det leggest til fleire ansvarsområde?</b></p>